

Referat

STYREMØTE NR. 9 i ØIL – 04.02.2015

Møte		Referat		
Dato	04.02.2015 kl. 19:00	Deltakarar	Vidar Torsvik / leiar Rune Vik / skrivar Kari Mostad / kasserar Frank Kjosnes / styrelem Liv Helen Osa/ styrelem Åshild Bekkesletten/ 1. vara Terje Melstveit / fotballgruppa Lillian Kvamsøy / boccia-gruppa	
Stad	Holmatun	Forfall	Kjerstin Valland / nestleiar Toril Honningsvåg Vik / styrelem Leiv Sandven / trimgruppa	
Referent	Rune Vik	Kopi	Olav Kreken/ orientering	
Neste møte	Torsdag 26.03.2015 *Styremøte kl. 19:00 *Årsmøte kl. 20:00			

Nr	Sak	Frist	Ansvar oppfølging
9.1	Saker		
.1	<u>Godkjenning av førre styremøtereferat</u> Referat frå styremøte 8 vert godkjent.		
.2	<u>Årsmøte - saker, årsmelding, valnemd, m.v.</u> Årsmøtetidspunkt vart sett til: torsdag 26.03.15 kl. 20:00 - Innkalling til årsmøte minst 1 månad før: ○ Kunngjering i HF t.d. tysdag 24.02.15 ○ Inn på ØIL-heimesida samtidig. ○ Inn på nettkalendaren til Kvam herad-heimesida. - Saker inn til styret seinast torsdag 12.03.2015 - Fullstendig saksliste og saksliste tilgjengeleg torsd. 19.03.15 - Personar til ny valnemd for 2015 må sjekkast ut!	info	Styret Åshild Frank K. Rune V. Vidar T. Frank K/ Liv Helen/ Rune V.
.3	<u>Sjusete skisenter og ØIL-deleigarskap</u> Kvam LSK har kome med førespurnad om å overta ØIL-eigardel i Sjusete skisenter. Representant frå Kvam LSK var hindra i å kome på styremøte for å orientere om bakgrunnen for ynskje. Styret vil prøve å utarbeide eit forslag til årsmøtet om saka, der påtroppande styre vert gitt fullmakt til å ta avgjerd om evt. avhending av ØIL-del av Sjusete skisenter.	info	Vidar T. Vidar T.

.4	<u>Open hall – arrangement søndag 15. februar 2015</u> a) Open hall – frå kl. 1200 til kl.1500 Lyklar - Sjekk med Lars Knut Haukaas – mob. 91571060 Aktivitetar: - Teppecurling - Tjukkas med kasse - ”Air-track” - Ringar - Ribbevegg-aktivitet - Hoppetau - Kasteøving; boksar + erte posar. Skaff boksar!!!! - Klatrevegg Organisering: - Spørje Kvam klatreklubb (Geir Larsen, mob. 91590716) om å organisere klatreaktiviteten. - Spørje Kvam herad om bruk av ”Air-track” + lyklar Treng 4 personar i logistikken: • Jan Ove Børve ? • Sigmund Vik ? • Lars Ese Ur ? • + passande transport b) Kafedrift Meny: - Kaffi/Te/Saft m.v. - Vafler + + + - Winerpølser i brød Organisering: - Skaffe vekslepengar. - Pølser/brød/vaffelrøre. - Lage salgsplakatar. - (div. eingongskoppar m.v. er i ØIL-skap) c) Marknadsføring - Annonse i HF; tirsdag 10/2 og fredag 13/2. Sponsor! - Inn på nettkalenderen til Kvam herad-heimeside . - Inn på ØIL-heimesider . - Inn på facebook	15/2	Rune V. Lillian Lillian Åshild held tråden Rune V. Åshild og turndamene
9.2	Fotballgruppa		
.1	<u>ØIL – fotball</u>		
	Årsmøtetidspunkt for fotballgruppa: torsdag 12.03.15	info	fotballstyret
.2	<u>Kunstgrasbane Øystese barne skule</u>	info	
	FAU vil truleg få utbetalt omsøkte nærmiljøtiltaksmidlar frå Hordaland fylkeskommune no i 2015. ØIL-forskotterte midlar kan då tilbakeførast frå FAU til ØIL. Jobbar også med oppgradering av ballbingen.		

.3	<u>Revidert sportsplan inkl. reglar om hospitering</u> - Er handsama av styret i Øystese fotball. - Kjem opp som årsmøtesak.	info	fotballstyret
.4	<u>Justering av organisasjonsplanen for Øystese fotball</u> - Kjem opp som årsmøtesak, inkl. justeringar knytt til fullmakter.	info	fotballstyret
.5	<u>Øystese cup ; laurdag 30. – søndag 31. mai 2015</u> - Større påmelding. Håpar på 100 lag / 1000 born. - Arbeid med dugnadslister/organisering pågår.	info	fotballgruppa
.6	<u>Øystese fotball – utgreiing rundt korleis skaffe inntekter</u> Fotballgruppa er i dialog med næringslaget om arrangement under den årlege ”Siderfestivalen” i Øystese.	info	fotballgruppa
9.3	Friidrett/trimgruppa		
9.4	HC-gruppa		
9.5	Symjegruppa		
9.6	Hoppgruppa		
9.7	Orientering		
9.8	Økonomi		
.1	<u>Fordeling av momskompensasjonsmidlar</u> Vedtak: - ØIL- fotball får tildelt 80 % - ØIL-hovudlaget får tildelt 20%	info	Styret
.2	<u>Status rekneskap 2014 og budsjett 2015</u> Ikkje klart. Kasserar gjeikk gjennom førebels oppstilling. Leiar tek opp med Vekstra om ikkje rekneskap raskt kan gjerast klar for revisjon. Seinast innan 28. februar ???	Info	Kari M. Vidar T.
.3	<u>Støtte til ØIL-fotball-deltaking i Lerum cup 2015</u> Fotballgruppa søker om følgjande støtte: • Kr 15000 til Lerum Cup for aldersbestemte lag Vedtak: Hovudlaget gjev følgjande støtte: • Kr 15000 til Lerum Cup 2015 for aldersbestemte lag Føresetnaden er at prinsippet med at ØIL/ØIL fotball støttar med 50%/50% vert vidareført. Rekneskap m/bilag for Lerum cup skal leverast til og godkjennast av ØIL-styret.	info	Styret

9.9	Eventuelt		
	Styresaker frå 2014 under oppfølging		
5.6.1	<u>Rydding i Myrabakken + reparere trapp opp til stillas, m.m.</u>		
	- Satsar på dugnad laurdag 25.oktober i fint vær. - Grunna dårleg vær ikkje gjennomført haust 2014.		styret
3.1.7	<u>Øystese idrettslag (ØIL) – vegen vidare</u>		styret
	Utover fotballen i ØIL er aktiviteten i dei ulike gruppene relativt låg. Allidrett for born opp til 10 år drive av Leif og Åshild i vinterhalvåret, er kanskje det viktigaste bidraget. Elles har laget Øystesetrimmen m/ open hall-arrangement, Torefjellstrimmen som del av ”Kom deg ut dagen” og idrettsmerkeprøve. ØIL er også ein aktør i samfunnsdebatten ved at styre har kome med innspel til kommuneplan og barnehageplan, m.v. Vidare har ØIL støtta ulike føremål i andre lag som kunne generere fysisk aktivitet. Samtidig har idrettslaget ansvar for hoppbakken i Myrane, eig 1/3 av Sjusete skisenter, og forvaltar ein formue på ca. ½ mill kr. Vedtak: ØIL-styret startar eit arbeid med å sjå på kva rolle ØIL kan spela i tida framover (tidshorisont). Er det bruk for eit allidrettslag i Øystese ?		
	Tidlegare styresaker frå 2013 under oppfølging		
8.3	<u>Problemstilling treningsavgift / medlemsavgift</u>		
	Må avklarast/løysast på eit seinare møte.		styret
7.1	<u>Arkivering ØIL-dokument</u>		
	Serverløysingar som ”Drop-box” m.v. Kari sjekkar opplegg.		Kari M
	Tidlegare styresaker frå 2012 under oppfølging		
4.1.9	<u>Rydding i og sanning av ØIL-historikk/arkivmateriale</u>		styret
	Protokollar m.v. står på ein pall på Fruktlageret. Sjekk med Kvam herad om innlevering av historisk materiale.		

Rune Vik/ skrivar